

Den største springfloa i manns minne.

11.02.2020



Springfloa kl. 00.15 i natt er truleg den største i manns minne.

Springfloa var på det høgste i natt kl. 00,15. Det er truleg rekord slik mange hugsar det med nær på 100 cm over det som står i tidevassmodellen. Årsaka til den høge vasstanden er høgt astronomisk tidevatn i kombinasjon med verknader av veret. Med lite pålandsvind er det truleg ikkje gjort skade av noko omfang.



Båthamna kring kl. 24.00

Uskedalen.no var på plass i båthamna og på Sandakaien ved midnatt. Geir Nilsen har målepunkt inne i sjøbua for kor høgt vatnet står. Dette er det i høgste merke, om lag 90 cm over det som er normalt.



[Sandakaien og Bokbua stod i vatn.](#)

I myrke var det ikkje lett å få god oversikt, men det meste av bakkane på Fet stod under vatn. Både i Stølavikjo og Beinavikjo stod vatnet godt opp og inn i nausta.

Det var lenge uvisst om floa vart så høg som det var varsla. NRK sine sendingar kring kl. 23.00 frå Bergen synte at meterologane fekk rett. Folk samla seg på Bryggen for å sjå og oppleve det som ein gong var uvanleg, men som no er ei årleg hending.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Knut Andreas Myklebust/ Arvid Hjelmeland



Så lenge båtane ligg holva slik som her, gjer det ikkje noko med høg vasstand.